



Breimsbygda idrettslag

ORGANISASJONSPLAN

2013 – 2017

Overordna mål

Breimsbygda idrettslag skal gje eit breitt og allsidig idrettstilbod til barn, ungdom og vaksne i bygda. Laget skal legge vekt på å utvikle eit godt sosialt miljø der alle generasjonar trivst, og gje plass til å utvikle utøvarar på eit høgt prestasjonsnivå i heimemiljøet.

Grunnleggande verdiar:

Laget byggjer sin aktivitet rundt verdiane:

- Glede
- Fellesskap
- Helse
- Fair Play

Idretten i Breimsbygda idrettslag står for:


- Den spontane idrettsglede
- Dei ærlege meiningane
- Den gode helsa
- Det sosiale fellesskapet
- Det trygge, oppdragande miljøet
- Den samansveisande dugnadsånda
- Den opne idretten – idretten for alle

Klubbide:

- Gje eit idrettstilbod til alle ut frå egne føresetnader – også dei beste
- Vere eit trygt og godt oppvekstmiljø
- Vere eit sosialt miljø som stimulerar til personleg vekst for aktive, leiarar og medlemmer

Klubbvisjon:

- Idrett for alle



Årsmøte

- Det høgste styringsorganet i laget
- Handsamar årsmeldingar og rekneskap
- Fastset kontingentar
- Vedtek budsjett
- Føretek og godkjenner val
- Handsamar andre innkomne saker
- Sjå til at vedtak er i samsvar med eiga lov, samt lover og vedtekter i overordna ledd

Ansvarsdeling styret – arbeidsutvalet – særgruppene

Styret

- Styret er laget sitt høgaste organ mellom årsmøta
- Styret er overordna organ for alle grupper, nemnder og utval
- Styret skal vere samansett i samsvar med lova, og består av arbeidsutvalet og leiar i kvar særgruppe
- Styret har overfor årsmøtet det overordna og samla ansvar for alt arbeid i laget, og for at årsmøtevedtak vert følgd opp
- Styret er hovudansvarleg for utarbeiding av årsmelding, rekneskap og revisjonsmelding
- Styret er ansvarleg for å drive idrettsskule og for oppfølging av barneidrettsreglar
- Styret er ansvarleg for utarbeiding og rullering av handlingsplan

Arbeidsutvalet (AU)

- AU står for den daglege leiing og drift av laget
- AU er samansett av leiar, nestleiar (1 og 2), sekretær, kasserar og to styremedlemer
- Sjå til at vedtak, pålegg og interne rutinar blir følgd opp i alle grupper og nemnder
- Vurdere behov for endringar i organisasjonsplan, handlingsplan og anleggsplan
- Samordne laget sitt utdanningsbehov

Gruppene

- Jamfør målsetjingar og lover for laget
- Ansvar for praktisk tilrettelegging av sportsleg aktivitet i laget
- Vurdere utstyrstrong og melde dette til arbeidsutvalet
- Organisere egne arrangement
- Drive aktiv rekruttering
- Følgje retningslinjer og rutinar for økonomistyring
- Utarbeide årsplan og budsjett for gruppa som skal leverast styret
- Vere ansvarleg for utdanning av trenarar og leiarar etter egne behov
- Delta i inntektsgevande arrangement for arbeidsutvalet og syte for å følgje opp nettobudsjettet vedteke av årsmøte
- Ta initiativ til samarbeid med andre grupper i laget om t.d. treningstiltak
- Ta initiativ til samarbeid med andre lag
- Materialforvaltning
- Jamleg kontakt med media og informasjon ut av gruppa

Instruksar for:

Styret

- Samordne rekneskap og budsjett for hovudlaget og gruppene
- Tildeling av midlar frå hovudlaget til gruppene
- Medlemsverving
- Ansvar for idrettsskulen
- Ansvar for at basaren vert arrangert
- Samordne aktivitetane i laget
- Samordne aktivitetane innanfor barneidrett
- Gjere prioriteringar innanfor anleggssaker
- Arbeide med idrettspolitiske saker
- Være informasjonsfora mellom særgruppene og arbeidsutvalet
- Ha kontakt med offentlege instansar
- Setje ned nemnder / utval som skal ta seg av spesielle tiltak / arrangement

Arbeidsutvalet:

Leiar

- Førebu og leie møter – årsmøte, styremøte, AU-møte og liknande
- Utarbeiding av årsmelding for laget
- Handlingsplan og organisasjonsplan
- Postadresse og posthandsaming
- Representere laget
- Kontakt med offentlege myndigheiter
- Ansvarleg for laget sine interesser i eigedomar og andre selskap
- Overordna for laget sine tilsette
- Informasjon til media og internt i laget
- Ansvar for kontakt med skule

Nestleiar 1. Aktivitetsansvarleg

- Lage aktivitetsplan
- Innhente aktivitetstal
- Stønads- og sponsoransvarleg
- Innkrevjing av eigendelar
- Politiattestar
- Kontaktperson for Breimstafetten

Nestleiar 2. Anleggsansvarleg

- Ansvar for laget sine anlegg og tilsynet med dei
- Kontaktperson for anleggs- og vedlikehaldsnemnda
- Ansvar for utarbeiding av anleggsplan, prioritering og rullering

Sekretær

- Skrive og sende ut møtoreferat
- Korrespondanse internt og eksternt
- Informasjon internt og eksternt
- Kontaktperson / medlem i redaksjonen for BREIMSBYGDA VE & berre VEL
- Ansvar for BBIL sitt arkiv
- Ansvar for BBIL sitt kontor, innkjøp, bruk og orden
- Ansvar for presangar, helsingar og påskjøningar

Kasserar

- Rekneskap for hovudlaget
- Budsjett for hovudlaget
- Støtte gruppene med rekneskap og budsjettarbeid
- Oppfølging av reglar og rutinar for hovudlag og grupper
- Budsjettoppfølging

Styremedlem 1

- Ansvar utdanning / kurs, informasjon, kartlegging, påmelding, initiativ
- Medlemsverving / medlemskartotek/ innkrevjing medlemspengar
- Ansvarleg for BBIL si heimeside på internett

Styremedlem 2

- Leiar i barneidrettsgruppa/idrettsskulen
- Ansvar for å lage felles sosiale tilstellingar for barn og unge, for eksempel Idrettsklubben
- Styret sin representant i sportsleg team
- Kontaktperson for basarnemnda

Instruks for sportsleg team (oppnemnd av AU/styret):

- Fordele og koordinere treningstider
- Skaffe trenarar til fellestreningar og idrettsskulen
- Stimulere trenarar
- Arrangere treningsamlingar i laget på tvers av grupper
- Drive aktivt rekrutteringsarbeid
- Halde impuls- og idekurs for gamle og nye trenarar
- Utvikle treningsmodellar og prosjekt for BBIL
- Utvikle fagstoff / leksjonsopplegg for treningssida
- Fremje framlegg til søknader om prosjektmidlar og liknande

Instruks for valnemnda:

Valnemnda er sett saman av leiar og 2 medlemmer og 1 varamedlem for neste årsmøte. Valnemnda skal veljast på fritt grunnlag, etter innstilling frå styret. Valperioden for valnemnda er 3 år.

- Legge fram for årsmøte framlegg på kandidatar til val av:
 - Leiar, nestleiar 1 og 2, sekretær, kasserar, to styremedlemmer og to varamedlemmer
 - To revisorar med varamedlemmer
 - Anlegg, utstyr- og vedlikehaldsnemnd
 - Breimstafettkomite
 - Barneidrettsgruppe
- Gjere kjent for kandidatane lover, handlingsplan, instruks og arbeidsoppgåver
- Valnemnda kan be styret og utval kome med framlegg til kandidatar

Særgruppene har egne valnemnder.

Instruks for anlegg, utstyr- og vedlikehaldsnemnda:

Nemnda vert vald av årsmøte og er samansett av fire personar valde for to år.

- Hovudansvar for vedlikehald og ettersyn av laget sine faste anlegg:
 - Breimsbygda Fjellstove
 - Lysløypa på Utvikfjellet
 - Byrkjelo stadion
 - Reed stadion
 - Stadionbygget
 - Gamle stadionbygg
 - Breimsbygda studio
 - Brekkestova
 - Ballbinge Myklebust
 - Grillhytte Utvikfjellet
- Varsle kontaktperson i arbeidsutvalet(nestleiar2) om naudsynt vedlikehald på kommunale anlegg
- Nemnda sin kontaktperson i arbeidsutvalet er nestleiar 2
- Gjennomføre mindre justeringar / utbetringar i samarbeid med dei aktuelle gruppene i laget
- Organisere dugnad når spesielle arbeid må gjerast
- Kome med framlegg til arbeid som bør / må gjerast
- Lage kostnadsoverslag til arbeidsutvalet på arbeid som bør / må gjerast
- Ha tilsyn med fast reklame på anlegga våre
- Ha oversikt over og administrere utlån av utstyr som er felles for laget
- Ha vaktmeisterfunksjon i stadionbygget og Breimsbygda studio

Instruks for Breimstafettkomiteen:

Breimstafettkomiteen vert valt på årsmøtet i laget.

- Søkje om arrangement på skjema til friidrettskrinsen (haust)
- Starte sponsorarbeid om hausten i samarbeid med laget sin sponsoransvarlege
- Samarbeide med friidrettsgruppa
- Hovudkomiteen kjem saman i november / desember
- Annonse i bladet Friidrett med frist 10 februar
- Hente inn annonser til programmet i februar / mars
- Sende ut innbydingane medio mars til alle aktuelle deltakarar
- Sørgje for jamn medieomtale over lenger tid
- Sende ut frikort til laga etter påmelding
- Sjekke funksjonærlistar 14 dagar før start
- Kontaktperson for komiteen i arbeidsutvalet er nestleiar 1

Instruks for Breimsbygda Ve & berre Vel redaksjonen/redaktør:

Redaksjonen vert oppnemnd av arbeidsutvalet eller finn eigne medlemer.

Redaksjonen skal bestå av ein leiar og minimum tre redaksjonsmedlemer.

- Gje ut 3-4 nummer i året (jul, påske, haust)
- Saman med arbeidsutvalet sikre sunn økonomi i avisa
- Vere ei avis med skjemt, ironi, kritikk, alvor og informasjon
- Dra særgruppene i laget med på å lage avisa
- Redaksjonen er fri og uavhengig av andre organ i laget
- Kontaktperson i arbeidsutvalet er sekretæren

Instruks for administrativ stilling:

Stillinga er underlagt AU med leiar som næraste overordna. Stillinga er ei prosjektstilling for 2013, og aktuelle arbeidsoppgåver kan vere:

- Følgje opp laget sine sponsorar
- Søkje utviklings- og prosjektmidlar gjennom aktuelle kanalar
- Ta del i arbeidet med fordeling og koordinering av treningstider
- Leie prosjekt "Ny idrettsskule"
- Idrettslaget sin representant i samarbeidsprosjektet mellom BBIL, Gloppen kommune og Firda vgs.
- Støttefunksjonar til styret og særgruppene etter behov
- Administrasjonsoppgåver i samband med arrangement og aktivitetar
- Med stillinga følgjer møte- og talerett i AU- og styremøter
- Rapportering til styret kvartalvis